Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Strinda

Emne: Skav. | Bygdelag: —

Oppskr. av: H. N. Osnes | Gard:

(adresse): Stavne om Trondheim | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fylkesskulestyrar O. Vasseljen, 85 år

SVAR

1. Ikkje noko ålment samnamn.
2 Heller ikkje her noko ålment samnamn
3. Infinitiv: Skåvå, not. skjev - har skåvå, vil skåvå.
4. „Snaustrinda" har lite skog og er ei rik høgbygd, men ute i utkantane var skav brukt, serleg fôr og som hjelp i vanskelege år.
5. Rogn og osp. Rognlauv samla inn om hausten. Ein bladkrans var kalla ein kangel
Gjevast var rognen.
6. Ukjent.
7. Ukjent.
8. Kua fekk skavet, ikkje saman med anna fôr. - Ikkje skav av older.
9. Då skavet vart bruka som naudfôr, rekna ein ikkje med mein eller betre mjølk. Men fekk kua mykje skav, kunne det verte ein særskilt smak på mjølka.
10. Dei henta veden eins ærend for å ha noko å skava av. Hesjeved kunne og verta bruka som skaoved.
11. Ikkje særskilt namn.

1315

 2

12. Skavved.
13. Ukjent.
14. Helst på vårparten. Elles ikkje noko sørleg å merka ved dette arbeidet.
15. Helst i vedskjulet.
16. Mest tollekniven. Men og bandakniv. Bandakniven eit handtak i kvar ende. Andre reidskap til dette arbeid ikkje kjend.
17. Vanleg skavved var hogd i korte lengder so det høvde å halda kjeppen i ei hand og kniven i den andre. Lengre ved var fest i ein ende og den den andre lagd upp i ei klauftgrein som var sett ned i jorda. Skavkrakk ikkje kjend.
18. Ukjend. Ordet skavhol ukjent.
19. Dei heldt kjeppen i ei hand og kniven i den andre (når bandkniven ikkje var nytta.
20. Særskilt namn ikkje kjend.
21. Ordet skav er bruka både dei enkelte bitar og den samla skavmengde.
22. Både og.
23. Ikkje særskilt namn.
24. Dei skjer inn til veden.
25. Etter at veden er turka kan den verta brukt på peisen og gjerne og til bakste-ved.
26. No dyrka ein heller jorda og sparer då mest mulig skav-arbeidet.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING